

## MELAND KOMMUNE

### **Elektronisk post til Meland kommune**

Til:

Fra: Hans Kristian Dolmen, ,

Vår ref.: 13/1361-3

Arkiv: 504

Dato: 26.09.2013

#### **VS: FØRESPURNAD OM OPPSTARTSMØTE**

Fra: Hans Kristian Dolmen

Sendt: 26. september 2013 14:49

Til: 'vidar-mj@online.no'

Emne: Førespurnad om oppstartsmøte

Meland kommune syner til dykkar førespurnad om oppstartsmøte seinast 16.09.2013

Vedlagt ligg mal for gjennomføring av oppstartsmøte og referat. Referatet tar opp i utgangspunktet dei viktigaste plantema, men den kan vere andre som gjeld særskilt for dette planområdet. Me ber om at dykk førebur dykk i høve til dei tema som kan vere aktuelle.

Dersom oppstartsmøte skal ha noko avklarande verknad er det nyttig om dykk sendar inn spørsmål eller tema som dykk treng svar eller avklaring på og som eventuelt gjeld særskilt for dykkar planområde.

Frå kommunen si side vil som minimum sakshandsamar for plan møte, og om naudsynt byggjesak og VA. Me ser gjerne at dykk gjer melding attende om det vil vere naudsynt.

I tråd med gjeldande gebyrregulativ vert det skreven referat (mal vedlagt) og dette er gebyrbelagt med kr. 5.700,-.

Når det gjeld strekning frå Littlebergen til Grasdal skule er det reuglert ny fylkesveg med gangveg/fortau. Det er for andre planar langs Ådlandsvegen stilt som rekkjefølgjekrav at gangvegen må vere bygd før nye husvere kan takast i bruk. Det må påreknaust same rekkjefølgjekrav til dette planområdet. Eit mogleg samarbeid med andre tiltakshavarar (til dømes Walde) kan vere fornuftig å finne ut av i tidleg fase. Elles er søknadar som gjev auka trafikkbelastning på fylkesvegen og avslått ved politisk handsaming i seinare tid. Grunngjevinga har vore trafikkbelastning og trafiktryggleik.

Som planmynde vil me allereie no gje råd om å ta omsyn til dette temaet.

Avtale om møtedato kan gjerast når dykk er forberedt.

Med venleg helsing

Hans Kristian Dolmen  
Arealplanleggjar